



DEN NORSKE KYRKJA
Høyanger Sokneråd

Marcus Thranes gate 3
6993 HØYANGER
Tlf: 57714100
Kyrkjekontoret 14.12.2022

Møteprotokoll Høyanger sokneråd

Møtedag: mandag 05.12.22

Møtetid: kl.18.00 – kl.20.00

Møtestad: Høyanger kyrkjekontor

Tilstades:

Marit Tønning, Veronica Vågen, Andreas Ester, May-Wenche Fossmark og Heike Muller

Forfall:

Lars Petter Amundrud og Vidar Myren

Kopi av møteprotokollen går til:

Prost Knut Magne Nesse, ordførar Petter Sortland, kommunedirektør Ørjan Haram, kontor Gerda Otterstein, administrasjonssekretær Katarina Vattekar, postmottak Høyanger kommune.

Heike Muller er tilsett som kyrkjelydsarbeider frå 01.01.23. Ho er difor invitert til vårt siste møte i soknerådet i 2022. Vi håper det vert eit fruktbart år i 2023 og at rådet og kyrkjelydsarbeidaren samarbeidar og finn gode måter å gjere det på.

Sakliste

Godkjent innkalling, sakliste og møteprotokoll. Det er Marit som er referent på soknerådsmøtet i dag.

Meldingssaker

043 Soknepresten har ordet.

1. søndag i advent. Jesus rir inn i Jerusalem gjennom byporten, som på dei tider var eit sikkerhetstiltak og einaste vegen inn i byen. Rydd vei for Herrens komme! Sammenligne med Vestlandet og snø; brøyt vei for Herrens komme! Og gjennom Høyanger sin byport.

044 Postgjennomgang

Det er 6 kandidatar til ny biskop i Bjørgvin bispedømme

045 Idemyldring til stoff til Helgestundar

Marit leverer inn bilder og Heike lager tekst vedr. 6-årsbokutdelinga i november.

046 Tilsettingar kyrkjevevje, kyrkjelydsarbeider og sekretær

Stig Johnny Fitje er kyrkjevevje.

Heike Müller som kyrkjelydsarbeider

Ali Kharrat som administrasjonssekretær

047 Gudstenesteplan for januar til mai 2023.

Andreas informerte. Oversikt står i Helgestunder nr. 4

- 048 I vedtak 033/22** vart det bestemt at offer ved gudstenesten 09.11.22 skulle gå til Kfuk-Kfum. Dette var ikke kirketjener gjort kjent med og det ble avgjort at offer gikk til Høyanger diakoni.
- 049 Spørjeundersøkinga**
Resultat og konklusjon på spørjeundersøkinga vert lagt ved årsmelding for 2022.
Forslag til årsmøte vert etter gudstenesta søndag 05.03.23.
Det vert vedtak i saka ved første soknerådsmøte i 2023

Vedtakssaker

036/22 Soknerådets møteplan for 2023

Vedtak:

Første møte onsdag 04.01.23. Resten av møteplanen vert sakshandsama på første møte i januar 2023. Soknerådet uttaler seg til kandidatlista for kandidater som biskop i Bjørgvin bispedøme. Vi skal også sjå på trusopplæringsplanen vår. Heike vert med.

037/22 Open kyrkje i 2023. Evaluering av open kyrkje for året 2022.

Andreas meiner det har vore ein stor suksess. God innsats av soknerådet. Dette løfter kyrkja fram, at det skjer noko og at den er open og tilgjengeleg for den som ynskjer å besøke den utanom gudstenestene.

Vedtak:

Vi fortset med open kyrkje kvar torsdag frå kl. 17 til kl. 18 fram til og med torsdag 15.06.23. Vi evaluerer den nye ordninga til påske. May Wenche starter torsdag 05.01.23.

038/22 Kyrkjevalet 2023

Vi må velge en nominasjonskomité på tre personer som skal arbeide med ei valgliste til soknerådsvalet. Det blir valgkurs onsdag 11.01.23 om kvelden i Førde. Leder og medlemmer av sokneråd og nominasjonskomiteen samt administrativt tilsette blir inviterte.

Valgteam består av:

- Leiar for valstyret (soknerådet er valstyre)
- Leiar for nominasjonskomiteen
- Administrativ støttepersoner (kirkeverge, sekretær)

Vedtak:

Vi utset val av nominasjonskomité samt leiaar av valstyre til møtet den 04.01.23.

- 039/22 Blomsterutdeling til etterlatte.** Heike har ordna med 13 blomster og tilhøyrande kort. Trond Gandrud leverte ut blomster i fjor. Året før tok Marit og May-Wenche på seg oppgava. Det er utlevering av blomsterhelsing til etterlatte busette i Høyanger. Kyrkjebø og Lavik ordner dette sjølve.

Vedtak:

Veronica og Lars Petter deler oppgava mellom seg dette året.

040/22 Valg av leiar og nestleiar i Høyanger sokneråd for 2023

Vedtak:

May Wenche Fossmark vart attvald som leiar for 1 år
Marit Tonning vart attvald som nestleiar for 1 år
Vala var samrøystes

041/22 Offergaver ved gudstenester, vipps og kontanter.

Det har vore etterspurt moglegheit for å gi kontanter som offergave.

Vedtak:

Høyanger sokneråd ynskjer at menigheten skal kunne gi kontanter som offergave ved kvar gudstjeneste. Det vil bli satt fram «pose» for at besøkande kan få gi pengegåve kontant. Heike ordnar med overføring av pengane til kyrkja sitt kontonummer.

042/22 Evaluering av gladgudstenester onsdag kveld.

Andreas seier at dette har vore eit ledd i det å fornye kyrkja og open utvikling, og at dei er fornøgde med denne endringa. Gjerne meir musikk med ulike musikalske uttrykk. Gjerne lokale songarar og musikantar. Vi har ei til to gudstenester pr månad der ei er kl. 18 og ei kl.11.

Vedtak:

Vi fortset med gladgudstenester på onsdagar.

Referent

Marit Tønning